



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Brann og redning

KVINNHERAD KOMMUNE v/Bjørn Røssland  
Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

| Saksbehandlar    | Tlf. direkte innval | Vår ref.   | Dykkar ref.    | Dato       |
|------------------|---------------------|------------|----------------|------------|
| Thomas Hallquist | 47417973            | 2020/481-2 | Bjørn Røssland | 17.03.2020 |

## Tilsynsrapport

Namn på objekt: Omvikedalen skule  
Gnr/bnr: 112/19, 64, 86, 137  
Adresse: Fetvegen 126, 5464 Dimmelsvik

Kvinnherad brann og redning gjennomførte tilsyn den **09.03.2020** i ovannemnde objekt. Tilsynet vart gjennomført i medhald av lov av 20. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver § 13 andre ledd og forskrift av 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging § 18.

Sikkerheitsnivået i objektet er vurdert i samsvar med krav gitt i forskrift om brannforebygging og forskrift av 6. desember 1996 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften).

### Tilstade ved tilsynet

For objektet:

- Bjørn Rune Bergane
- Kari F. Tveit
- Bjørn Røssland

For brannvesenet:

- Øyvind Ousdal
- Thomas Hallquist

### Innleiing

Hensikta med tilsynet er å vurdere om eigar/verksemd/brukar av objektet arbeidar systematisk med brannsikkerheita. Frå brannvesenets side vert det vektlagt å foreta ei

vurdering av forhold som kan påverka sannsynligheita for at brann bryt ut, og konsekvens av en brann. Eit slikt tilsyn er ikkje ein tilstandsrapport for objektet.

Tilsynet omfatta blant anna undersøking av:

- At brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lovar og forskrifter om førebygging av brann
- At brannobjektet er tilgjengeleg og tilrettelagt for rednings- og sløkkeinnsats
- At verksemdas internkontroll er hensiktsmessig for å nå mål på sikkerheitsområdet
- At spesifiserte aktivitetar vert etterlevd slik som beskrive

### Omfang

Tilsynet vart gjennomført med ei gjennomgang av dokumentasjon. Det vart utført synfaring i delar av bygget.

### Oppfølging etter siste gangs tilsyn

Sist tilsyn vart utført i 2015.

I 2016 kom det ny forskrift, avvik gitt etter tidligare forskrift vil difor ikkje bli følgd opp.

### Definisjonar

|                   |  |
|-------------------|--|
| <u>AVVIK:</u>     | <u>Brott på krav fastsatt i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga</u>  |
| <u>MERKNAD:</u>   | <u>Forhold som tilsynsmyndigheita meiner det er riktig å påpeika for å ivareta helse, miljø og sikkerheit, og som ikkje omfattas av definisjonen for avvik</u> |
| <u>KOMMENTAR:</u> | <u>Utfyllande utgreiing av avvik og/eller merknadar som beskriv dei faktiske forholda ved objektet</u>   |

### Følgjande avvik og merknadar vart avdekka:

#### Avvik:

Det var plassert kjøleskåp og el-sparkesykkel i rømmingsvegar/trapperom

#### Avvik frå:

*Forskrift om brannforebygging, §11 Brannsikker bruk av byggverk.*

#### Kommentar:

Den som har rett til å bruka eit byggverk skal bland anna unngå unødig risiko for brann, og sørga for at rømmingsvegar opprettheld sin funksjon, medrekna at framkomst ikkje reduserast.

Plikten til å sørgja for at rømmingsvegar opprettheld sin funksjon gjeld både eit forbod mot å plassera gjenstandar eller hindringar i rømmingsvegane, og ein plikt til å fjerna etablerte hindringar i rømmingsvegar.

Eit kjøleskåp i ein rømmingsveg er ikkje gunstig med tanke på risiko for brann. Brann i kjøleskåp kan medføre vanskelig rømming frå bygget. Særlig uheldig er denne plassering med tanke på at kjøleskåpet er plassert i trappeoppgang.

Det var parkert ein el-sparkesykkel innomhus i gamleskulen. Denne var plassert i rømmingsveg/trappeoppgang. Ein har erfaring med at slike el-sparkesyklar har tatt fyr ved fleire høve. Når ein veit at desse brenn med ein veldig høg temperatur, ikkje treng oksygen for å brenna og røyken som blir danna ved brann er svært helseskadelig så må ein ikkje oppbevare slikt utstyr i rømmingsvegar.

### Oppsummering av tilsynet

Brukerane vart oppfordra til å gå igjennom deira dokumentasjon når det gjeld brann, samt sørgja for at alle er oppdaterte på dette. El-sparkesyklar og anna utstyr med litiumbatteri er meir og meir vanleg. Vi vil oppfordra om å leggja til rette på best mogleg vis når det gjeld oppbevaring og lading.

Skulen har eit godt brannvarslingsanlegg, men dette er ikkje direktevarsla. Dette gjer at ved eit branntilløp på dagtid vil ein med fungerande alarmanlegg få eit tidlig varsel som sikra tidleg og sikkar rømming av bygget. Ein vil ha personale som gjennom instruksar og øving vet korleis dei skal sløkka mindre branntilløp og korleis ein varslar vidare til brannvesenet.

Får ein brann eller eit branntilløp i løpet av natt eller helg vil det ikkje varslast vidare før naboar eller tilfeldig forbi passerande finn ut at dei skal varsla nokon. Ein brann vil då kunne spreia seg i store delar av bygget i verste fall medføra totalskade før ein får på plass brannvesenet. Ein skule med nesten 100 elevar som ein ikkje har undervisningslokale til vil få store konsekvensar for lokal samfunnet og kommunen.

Vi oppfordrar difor sterkt til at ein vurderer å direktevarsla skulen slik at ein kan få tidlig varsling. Største fordel er at ein kan begrensa eit eventuelt skadeomfang i mykje større grad med tidlig varsling. Brannvesenet vil og ha tilgang til skulen vi nøkkelboks, som gjer at vi kan låsa oss inn dørar utan å øydelege desse.

### Tilbakemelding

Tilsynsrapporten er å anse som eit førehandsvarsel jf. lov av 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) § 16, og part i saken gis med dette rett til å uttala seg før endeleg vedtak/pålegg vert fatta. **Frist for tilbakemelding blir satt til 25.04.2020.** Tilbakemeldinga sendes til Kvinnherad brann og redning avd. forebyggjande på [post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no)

Med helsing

Thomas Hallquist  
*Branninspektør*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Kopi til:  
Bjørn Røssland  
Gunhild Kvåle  
Bjørn Rune Bergane

